



ÅRSRAPPORT FOR FITJAR SOKN - 2024

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Soknerådet	- 4 -
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	- 6 -
Trusopplæring	- 9 -
Drifta av kyrkja og gravplassen	- 12 -
Økonomi	- 13 -
Temakveldar	- 17 -
Diakoninemda	- 19 -
Kyrkjebladet	- 20 -
Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt	- 21 -

Fitjar, den 2. juni 2025

Svein Lunde
leiar i soknerådet

Anne Marie Røed
nestleiar i soknerådet

Tom Rydland

Anne Kristin skår

Håkon Rydland Sæbø

Mette Elisabeth Lambach

Bård Inge Bø

Kari Raunholm

Harald Rydland
kyrkjeverje

Olav Johannes Oma
sokneprest

Gisle Levåg
kommunal representant

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Soknerådet

v/ Svein Lunde, soknerådsleiar

SAMANSETJING AV RÅDET

Svein Lunde, leiar

Anne Marie Røed, nestleiar

Tom Rydland

Anne Kristin Skår

Håkon Rydland Sæbø

Mette Elisabeth Lambach

Bård Inge Bø (fram til 21.11.)

Kari Raunholm

Lillianne Drønen Jæger, (frå 21.11.)

Olav Johannes Oma, sokneprest

Gisle Levåg, kommunal representant

Kyrkjeverje Harald Rydland har vore med som sakshandsamar på alle møta i 2024.

Etter kyrkjelova skal det i kommunar med eitt sokn berre vera sokneråd. Dette rådet skal i tillegg til ordinære soknerådssaker ha dei oppgåvane som elles ligg til fellesråda i andre kommunar.

Kommunen sin representant i rådet trer inn i dei sakene som hører til fellesrådet sitt ansvar.

Innkalling og referat frå møte er offentlege, og tilgjengeleg på kyrkja sine heimesider - kyrkja.no/fitjar.

MØTE I 2024:

Soknerådet har gjennom året hatt 9 møte:

18. januar

22. februar

18. april

23. mai

13. juni

22. august

10. september

19. september

21. november

Årsmøte med gjennomgang av årsrapport for 2023 vart halde søndag 26. mai - etter gudstenesta.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

ARBEIDET I RÅDET

I dei siste åra har det vore mykje fokus på oppmøte på gudstenestene etter fleire år med pandemi. I 2023 registrerte me at trenden var i ferd med å snu og det er difor svært gledeleg at me i 2024 kom på andre plass i landet når det gjeld oppmøte rekna i høve til folketal. Me er glad for at så mange finn seg til rette i kyrkja vår.

Det er mykje å glede seg over i kyrkjelyden vår, men i 2024 må me særleg trekka fram arrangementet i kulturhuset under 1000 års jubileet for at kristenretten vart innført. Her vart gudstenesta på Moster vist på storskjerm og det var nesten som å vera til stades under gudstenesta. Etter gudstenesta var det utvida kyrkjekaffi med både gratis grillmat og kaffi og kaker. Komiteen hadde ordna med bord og benker så folk kunne setja seg ned ute i sola og nyta mat og kaffi og den gode samtalens med andre bygdefolk. Dette var eit stort arrangement som ikkje hadde vore mogleg å få til utan godt samarbeid med næringsliv, Fitjar vidaregåande skule og ein stor flokk frivillige.



I dette året har det og vore arbeidd med planar for utviding av kapasitet på kyrkjegården. Det var kistegraver som måtte prioriterast først, men me er også kommen i gang med planlegging av minnelund. Dette var vore etterlyst og me ser fram til å få dette på plass. Det vil og bli arbeida vidare merd å legge til rette for muslimsk gravplass. Dette er eit lovkrav.



Soknerådet har også dette året hatt godt samarbeid med ein dyktig stab. Me gler oss og over at kyrkjelydspedagogen vår har starta ei utdanning over tre år som vil gje henne kompetanse som kateket. Me er overtydde om at dette er ei utdanning som vil gagne kyrkjelyden.

Soknerådet har i året også vore oppteken av å fylge opp strategisk plan. Mellom anna har me hatt samling og kurs saman med staben der me hadde fokus på rollar og fordeling av ansvar. Dette var nyttig og me ser fram til å fortsetje dette arbeidet.

Dette er nokre få av alle dei sakene som soknerådet arbeider med i løpet av eit år. Utanom dette har me behandla mange saker som til dømes budsjett, rekneskap, uttalar i ulike høyringar, diverse avtalar og reglement er forhandla og vedtekne.

Samarbeidet i soknerådet er godt, og me ser fram til arbeidet i resten av perioden.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

v/ Olav Johannes Oma

Tilsette, råd og andre frivillige har i 2024 arbeidd godt for å gjennomføra gudstenester, gravferder, vigsler, dåp, konfirmasjonar og anna barne- og ungdomsarbeid med meir. Ein stor innsats er lagt ned, og vi er svært nøgde med alt arbeidet som er gjort med å nå våre 2478 medlemmer (pr. 31.12.2023).

FITJAR KYRKJE	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Døypte	21	30	36	24	25	20	25	39
Konfirmerte	28	27	36	34	35	41	41	41
Vigsel	5	5	5	5	6	8	4	7
Gravferd	28	21	23	28	38	27	13	21
Gudsteneste-deltakarar sør- og helgedagar	7204	6537	6042	3734	3710	7963	8499	8940
Gjennomsnitt frammøte på sør- og helgedagar	111/65	96/68	97/62	46/85		124/64	143/59	144/62
Gudstenester utanom kyrkjehuset	7	4	3	3	7	7	7	
Nattverd-deltakarar / tal gudsteneste	2681/40	2528/41	2065/36	1168/26	1025/20	2797/40	2933/38	3382/35
Utmelde/ innmelde	3/4	7/2	9/0	7/4	6/2	7/3	7/0	21/3
Kyrkjeoffer	448.577	420.028	359.289	251.744	239.766	417.471	416.255	544.417
Gjevarteneste og andre gåver	143.985	155.829	189.784	166.420	188.600	246.199	277.563	670.290

Vi følgjer gudstenesteplanen for Fitjar som er vedteken av biskop. Det betyr gudsteneste kvar søndag og heilagdag i soknet. Dei alle fleste av gudsteneste har vore i Fitjar kyrkje. Vi hadde gudsteneste på Fitjar bedehus, Kristi himmelfartsdag. I tillegg har vi hatt utegudstenester i Dåfjorden, ved Kidnavatnet, i Årskog og i Kråko, og gudsteneste på leir både på Helgatun og Solgrø.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Gjennom heile året har vi hatt månadlege gudstenester på Fitjar bu- og behandlingssenter / Havnahuset. Håkon Hartvedt har hatt månadlege møter same staden. Skulegudstenester vart ikkje gjennomført til påske på grunn av manglande ressurser. Til jul vart dei gjennomført som normalt.

Som året før vart det i 2024 gjennomført julevandring i kyrkja for alle barnehagane i kommunen. Dette er godt teke imot.

I 2024 var det 28 gravferd i kyrkja.

Det har vore fem vigslar i Fitjar kyrkje.

Tre personar meldte seg ut, og fire melde seg inn, i kyrkja.

Vi overfører framleis dei fleste gudstenestene i Fitjar kyrkje på nett. Det viser seg at det er mange som fylgjer desse sendingane. Vi når dermed mange fleire enn dei som fysisk er til stades i kyrkja. Det er svært positivt all den tid vi samstundes ser at deltagartalet på gudstenestene er stigande.

Av særlege hendingar i 2024 må 1000-årsjubileet for Kristenretten som vart feira på Moster nemnast. På Fitjar vart det arrangert storsamling i Kulturhuset med overføring av gudstenesta frå Mosteramfi/NRK, på kinoskjermen, grilling, kaker og kulturelle innslag etterpå. Det vart ei god oppleveling på Fitjar 2. juni.

BARN- OG UNGDOMSARBEID

26 born vart døypte. Kor stor del dette er av dei fødde veit vi ikkje. Vi når mange med dåpen og det er vi glad for.

Vi har hatt god oppslutnad kring babysong, og småbarnssong. Mange kjem der før borna er døypte, mange av dei blir døypt, men ikkje alle. Det fortel og at me har laga ein meiningsfull og god arena å vera saman på, og

eit godt døme på at kyrkja opplevst som ein god stad å vera.

Kyrkja skal vera ein meiningsfull arena for ungdom og unge vaksne. Av ungdommen så konfirmerte vi 28 i fjar. Til hausten var det 28 av 43 niandeklassingar - som ynskte å vera med på konfirmasjonsundervisninga. Det er 65% av årskullet.

Det er blitt tradisjon med ungdomsgudsteneste 2. juledag, der ungdom deltek med tekstlesing, tale, song og musikk, slik var det og i 2024 med god oppslutnad.



Vi samarbeider og med Fitjar indremisjon om arbeid for tenåringane våre. Kvar fredag har ein stor flokk tenåringar, (av og til meir enn 50) vore samla på bedehuset til song og andakt, og til mat og leik frå kl.21-23. Eit rusfritt arrangement som går svært bra. Det er eit viktig ungdomsarbeid i bygda vår.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

TENESTER I KYRKJA

Der er mange som på ulikt vis deltek i det kyrkjelydsbyggande arbeidet - gjennom råd og utval, gjennom ulike tenester i kyrkjelyden, som kyrkevert, klokkar, kyrkjetenar, kyrkjekaffikokar, som medleiarar i trusopplæringsarbeid og søndagsskule.

Gjevartenesta har det ikkje vore satsa særskilt på siste åra, men her kom likevel inn drygt 100.000. I kyrka vart det samla inn 448.000 vel 28.000 meir enn året før.

KULTUR

Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja, og ein vil utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet. Det vart arrangert temakveldar og konserter, både med lokale og andre aktørar. Temakveldgruppa gjer eit viktig arbeid i kyrkjelyden.

Elles arbeider gudstenesteutvalet med å inkludera menneske i gudstenestelivet. Svært mange har vore med og deltatt gjennom året.

Ved juletider samarbeidde vi ved diakoninemnda med Indremisjonen om julefest på Fitjar bedehus. Eit positivt tiltak.

KYRKJA SAMARBEIDER MED ANDRE

Vi har vore på leir saman med Fitjar Indremisjon.

Kvar Kristi himmelfartsdag har vi i over 80 år arrangert fellesmøte/gudsteneste saman med Indremisjonen på Fitjar.

Kyrkje – skule samarbeidet. Her har vi skulegudstenester før jul og påske, desse har god oppslutning.

Til jul gjennomførte vi julevandring med barnehagane. Alle barnehagane deltok og dei gav gode tilbakemeldingar på det som skjedde. Vi synst det var kjekt.

KYRKJA SITT DIGITALE NÆRVÆR

Vi er ein av få kyrkjelydar i Bjørgvin som gjennom heile året har sendt gudstenester digitalt. Og framleis er det mange som føl sendinga. I løpet av det døgeret sendinga ligg ute blir det kring 100 visningar.

(I Bjørgvin bispedømme si årsmelding for 2022 kan ein lesa ein detaljert analyse av betydninga av streaming for gudstenestedeltaking.)

Som prest er eg glad for den vesle men gode staben eg får vera ein del av. Her er det stor arbeidsvilje og mykje kreativitet. Som tidlegare sokneprestar har skrive:

Takk også til sokneråd, nemnder og mange andre mange frivillige som har stått saman med oss med å spreia bodskapen om den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.



ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Trusopplæring

v/ Randi Lønning Matre

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden tok utgangspunkt i trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen.

Tiltak	Namn	Deltakar ar 2024	Av invi-erte	Deltak- arar 2023	Av inviterte	Deltaka -rar 2022	Av inviterte	Deltaka- rar 2021	Av inviterte
B0	Dåp			30		28		19	
B1	Babysong	17	100%	32	86%	21	140%	15	60%
B2-4	Småbarnssong	26	32%	34	52%	33	51%	22	30%
B4	4-årsbok/ kyrkjevandring	27	93%	15	66%	17	100%	25	71%
B5	Den gode gjetar	AVLYST		11	58%	16	43%	10	34%
B6	Barnas påskefest	AVLYST		12	32%	18	62%	20	71%
B9	Tårnagenthelg	15	52%	18	56%	10	42%	22	71%
B11a	Lys Vaken	10	40%	15/3	47% /9%	Utsett		13	36%
B11b	Båten 10-11 år	AVLYST				20	32%	11	38%
B15	Konfirmasjon	28	82%	27	87%	36	90%	34	94%
B13-18	Tentreff	63	30%	67	31%	73	32%	35	
B15-18	Vidare 15-18 år	23	17%	25	17%	21	13%	20	13%

«MED JESUS I BÅTEN»

Trusopplæringsplanen i Fitjar kyrkje har fått namnet " Med Jesus i båten" - eller forkorta til «Båten»

Det overordna målet i trusopplæringa er å gi vidare bibelforteljingane til barn og unge, slik at dei kan kjenne seg trygge i kyrkjeskipet gjennom heile livet.

Mange flotte uløna medarbeidarar er med i dette viktige arbeidet. Og dei er gull verdt!

Trusopplæringa er frå 0-18 år, der babysong er det første tiltaket etter dåp.

BABYSONG

Babysong har hatt stabilt oppmøte i 2024. Mange kjem med babyane sine til songstund på Fitjar bedehus. Babysong er for babyar mellom null og eitt og halvt år saman med ein voksen. Alle som er heime med baby er hjarteleg velkommen. Det er godt måltidsfellesskap og god stemming. Fleire har hatt høve til å vere med 2 semester. Gode medarbeidarar er med i arbeidet

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

SMÅBARNSSONG

Småbarnssong har hatt jamn oppslutnad gjennom året, og fleire gir uttrykk for at dei set pris på samlingane. Samstundes ser me ein nedgang når det nærmar seg vår. Me er fleire som er med og driv småbarnssong.



4-ÅRSBOKA OG UNDRETUR

Ein flott gjeng med 4-åringar var med på både undretur og på familiegudsteneste. På gudstenesta fekk dei bok i gáve frå kyrkjelyden. Det er ein barnebibel! Her er det eit flott samarbeid med Fitjar søndagsskule.

TÅRNAGENTHELG

Tårnagenthelga vart gjennomført saman med frivillige voksne og ungdommar. Det var bra oppslutnad av agentar og fleire føresette stilte opp for å hjelpe til.

LYS VAKEN

Lys Vaken blir arrangert i midten av november. På samlinga var det ein gjeng med 10 guitar som overnatt i kyrkja. Dette er ei samling som krev mange ressursar av både tilsette og frivillige. Tilbakemeldingane frå gutane, er at det har vore kjekt og spanande.

TEN-TREFF

Tentreff er et samarbeid mellom Fitjar Indremisjon og Fitjar Kyrkjelyd for ungdomar frå 8.trinn og oppover. Eit rusfritt tilbod til ungdom på fredagskvelden. Det er ein halv

time med møtedel. Deretter er det matøkt, og den siste timen er det ulike aktivitetar, både i kjellaren og oppe! Eit positivt tiltak med stabilt og godt oppmøte gjennom året. Hausten 2024 byrja ein stor gjeng med 8. klassingar og me hadde 34 betalande medlemmar. På det jamne var 35-45 ungdommar samla, enkelte kveldar 55-60 ungdomar.

KONFIRMANT-ARBEID

Konfirmantarbeidet er ein stor del av trusopplæringsarbeidet i kyrkja.



Oppslutnaden er framleis høg, men me ser at prosentandelen som vel kyrkjeleg konfirmasjon er på veg ned. Konfirmantarbeidet vert drive av prest og kyrkjelydspedagog. Det er også mange ulike frivillige med i arbeidet.

Bygdekvinnelaget lagar rundstykke og dekker bord til eit måltid når ungdomane kjem frå skulen. Mange føresette gjere ein flott innsats ved ulike høve, som lysmesse, konfirmantfestival, skidag og fasteaksjonen.

VIDARE

«Vidare» er ei samling for ungdom ein gong i månad. Programmet er mat, prat, undervisning og samtale. Det er leik eller aktivitet til slutt. I haust måtte diverre ein del av samlingane avlysts, som gjorde at nokre av ungdomane falt av og oppslutnaden på samlingane vart synkande.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

DEN GODE GJETAREN BARNAS PÅSKEFEST BÅTEN

Grunna sjukemelding i kyrkjelydspedagogstillinga vart desse arrangementa avlyst dette året. Samstundes er det mange ting som har blitt gjennomført av frivillige medarbeidrarar, som babysong, småbarnsong og Vidare-samlingar. Også innan konfirmantarbeidet vart mykje arbeid gjort på timebetaling.

Tusen takk for innsatsen til alle som har stilt opp!

ANNA ARBEID I TRUSOPPLÆRINGA

Ein viktig del av trusopplæringsarbeidet er å ha familiegudstenester. I Fitjar kyrkje er det familiegudsteneste om lag ein gong i månad.



SKULE- KYRKJESAMARBEIDET

Me har eit godt samarbeid med alle skulane. Skulegudsteneste vart gjennomført til jul for barneskulane og ungdomsskulen.

Me inviterte dei eldste i alle barnehagane til påskevandring før påske og til julevandring før

jul. Dette starta me med i 2022 som ei erstatning for barnehage-gudstenestene. Vandringane har vore svært godt mottekne.

PLANAR FRAMOVER

Frå hausten 2024 er trusopplæraren under utdanning, og studerer 50% på MF. I denne utdanninga føl ein planarbeidet tett. Vår plan vil bli revidere i takt med framdrift av ny plan frå kyrkjerådet.

BAKKEN BARNEHAGE

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage. I vedtekten står det: «Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon..». Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemner styret for stiftinga.

Barnehagen har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for barn i alderen 0-6 år . Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på barn i barnehagen varierer med alderen på barna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdelinga har 12 plassar) og bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling.

Kyrkja har til vanleg eit møtepunkt med Bakken soknerådsbarnehage omrent ein gong i månad. Dette har vore redusert dette året, grunna sjukemelding. Men nokre møtepunkt har me hatt. Me har vore på besøk i Bakken barnehage og dei har vore på besøk i kyrkja. Me ynskjer arbeide for god kontakt vidare.



ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Drifta av kyrkja og gravplassen

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

PERSONAL

Gjennom 2024 har desse medarbeiderane vore i den faste kyrkestaben:

Sokneprest Olav J. Oma
Kyrkjeverje, 50%, Harald Rydland
Kantor, 65%, Jan Overweg
Kyrkjelydsmedarbeider, 90%, Randi Lønning Matre
Kontormedarbeider, 40%, Elisabeth Søndenå Oma
Kyrkjegardsarbeider / vaktmeister, 50%+30%, Kjetil Hagevik Ragde

Pr. 31. desember 2024 er det i Fitjar sokn 3,25 årsverk. Soknepresten, som vert løna av bispedømet og har full stilling, kjem i tillegg. Arbeidet i kyrkestaben er prega av at me har fleksible og positive medarbeidar som viser stor glede over arbeidet.

At me kan ha så mykje aktivitet i kyrkja er takka være frivillige som er til uvurderleg hjelp. Som kyrkjeverje vil eg retta ei stor takk til alle tilsette og frivillige for framifrå innsats gjennom året 2024.

KYRKJEBYGGET

Det har ikkje vore gjennomført større vedlikehaldsarbeid på sjølve kyrkjebygget siste året. Hausten 2024 vart det investert i nytt styringsystem for oppvarming av kyrkja. Det gamle anlegget var utdatert og ikkje til å lita på. Dessutan var det lite brukarvenleg i forhold til nyare anlegg. Det nye anlegget vart teke i bruk vinteren 2025. Fitjar kyrkje som vart bygd i 1867, er trass i høg alder i heller god stand med moderate vedlikehaldsbehov. Dagleg tilsyn og vedlikehald vart utført av ein allsidig og dugande vaktmeister.

GRAVPLASSEN

Drifta av gravplassen vart for det aller meste utført av vår eigen medarbeidar Kjetil Hagevik Ragde. I skuleferien har me hjelp av unge vikarar som hjelper til med å halda gravplassen fin og velstelt gjennom sommaren. Det er mange som tek turen innom gravplassen i løpet av året. Difor er det viktig at den til ei kvar tid er velstelt og framstår på

ein respektfull måte. Me får mykje gode tilbakemeldingar for den fine gravplassen vår.

I starten av 2024 vart det mykje merksemdu rundt ein stor vasslekkasje på gravplassen. Lekkasjen skuldast feil på ein kran under jorda som ikkje hadde lukka seg slik den skulle då den vart stengt for vinteren. Etter ein omfattande dialog mellom kyrkja og kommunen, vart det avtalt ei ordning som gjorde at kyrkja ikkje måtte ta ei stor økonomisk bør som fylgje av uhellet

Dei siste åra har det minka på ledige kistegraver på kyrkjegarden. Gjennom 2024 vart det gjennomført detaljplanlegging av nytt gravfelt sør for kyrkja. Å få planlagt og godkjent eit nytt gravfelt er ein omfattande prosess. Med god hjelp frå dugande rådgjevarar fekk me på plass alle løyva som skal til. Dei nye gravene skal etter planen takast i bruk 2. halvår 2025.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Økonomi

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

Arbeidet med den økonomisk forvaltinga av kyrkja og gravplassen føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja, andre medarbeidarar på kyrkjakontoret og økonomiavdelinga i kommunen.

I Fitjar sokn sitt budsjett for 2024 var det lagt opp til underskot på drifta. Dette skulle dekkast av disposisjonsfond med kr. 150.000 og bunde fond med kr. 130.000,-. Drifta gjekk betre enn venta, så når året var omme måtte det trekkjast kr. 15.956 frå disposisjonsfond og kr. 52.300 frå bunde fond.

Når det gjeld balansen, står det no kr. 965.564 i bundne fond. Soknerådet har gjort vedtak om å splitta disposisjonsfondet og utvida lista over bundne fond gjennom ei eiga sak. Dette for å sikra at øyremerkte gåver som ikkje vart brukte opp tidlegare år, vert sett av og kan brukast til føremålet eit seinare år. Desse fonda vert etablerte i samband med årsoppgjeret for 2024.

Disposisjonsfondet er pr. 31.12.2024 på kr. 1.479.929. Det er soknerådet som til ei kvar tid avgjer kva disposisjonsfondet kan nyttast til. Med det omfattande ansvaret soknerådet har for den daglege drifta av kyrkja og gravplassen, er det viktig å ha ein god økonomisk buffer dersom uforutsette forhold skulle inntreffa.

Fleire detaljer om rekneskapen er å finna i tabellane på dei neste sidene.



ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

RESULTATREKNESKAP

		Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Rekneskap 2023
Inntekter				
600-659	Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	-581 900	-487 000	-250 293
660-679	Sal av driftmidlar / fast eigedom	0	0	0
700-789	Refusjon / overføring	-747 196	-540 000	-575 205
790	Kalk. inntekt ved kommunal tenesteyting	0	0	0
800-804	Statlege tilskot	0	0	0
805	Tilskot frå Den norske kyrkje	0	0	0
830-839	Rammeoverføring / tilskot frå eigen kommune	-2 956 400	-2 898 400	-2 677 850
840-859	Tilskot frå sokn og organ for sokn	0	0	0
860-879	Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	-592 562	-547 000	-619 246
890	Ekstraordinær inntekt	0	0	0
Sum driftsinntekter		-4 878 058	-4 472 400	-4 122 593
Utgifter				
010-099	Løn og sosiale utgifter	2 898 924	2 750 500	2 776 117
100-299	Kjøp av varer og tenester	1 266 981	1 220 700	847 464
300-389 + 429	Refusjonar / overføringer	559 048	500 000	429 205
390	Kalk. utgift ved kommunal tenesteyting	0	0	0
400-479 - 429	Tilskot og gåver	309 980	260 000	271 779
Sum driftsutgifter		5 034 933	4 731 200	4 324 565
Brutto driftsresultat		156 875	258 800	201 972
900-909	Renteinntekter og utbytte	-88 624	-28 000	-68 800
920-929	Avdrag på utlån	0	0	0
500-509	Renteutgifter og låneomkostningar	5	0	526
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andelar m.v.	0	0	0
Netto finansinntekter / -utgifter		-88 619	-28 000	-68 274
590	Avskrivningar	286 006	300 000	276 441
990	Motpost avskrivningar	-286 006	-300 000	-276 441
Netto driftsresultat		68 256	230 800	133 698
Interne finanstransaksjonar				
930	Bruk av udiptonert mindreforbruk frå tidlegare år	0	0	0
940-949	Bruk av disposisjonsfond	-15 956	-150 800	-10 504
950-959	Bruk av bundne fond	-86 409	-130 000	-129 104
Sum bruk av avsetjingar		-102 366	-280 800	-139 608
530	Avsatt til dekking av meirforbruk frå tidlegare år	0	0	0
540-549	Sett av til disposisjonsfond	0	0	0
550-559	Sett av til bundne fond	34 109	50 000	5 910
570	Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0
Sum avsetjingar		34 109	50 000	5 910
Meirforbruk / mindreforbruk		0	0	0

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

BALANSE

		31.des 2024	31.des 2023
Eigendelar			
A	Anleggsmidlar	8 493 724	8 760 491
527-529	Faste eigedommar og anlegg	8 252 100	8 478 776
524-526	Utstyr, maskinar og transportmidlar	119 913	169 678
522-526	Utlån	0	0
521	Aksjar og andelar	121 711	112 037
B	Omløpsmidlar	3 027 367	3 079 061
513-517	Kortsiktige forderingar	669 488	196 758
518	Aksjar og andelar	0	0
512	Sertifikat	0	0
511	Obligasjonar	0	0
510	Kasse, bankinnskot	2 357 879	2 882 303
C	Eigendelar	11 521 091	11 839 552
Eigenkapital og gjeld			
D	Eigenkapital	10 905 332	11 249 389
556-558	Disposisjonsfond	1 479 929	1 495 885
551-552	Bundne driftsfond	965 564	1 017 864
553-554	Ubundne investeringsfond	0	0
555	Bundne investeringsfond	0	0
5581	Endring i rekneskapsprinsipp drift	0	0
55950	Rekneskapsmessig mindreforbruk	0	0
55900	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
55960	Udiponert i investeringsrekneskapen	0	0
55970	Udekka i investeringsrekneskapen	-33 885	-24 851
55990	Kapitalkonto	8 493 724	8 760 491
E	Langsiktig gjeld	0	0
541-542	Ihendehavarobligasjonslån	0	0
543-544	Sertifikatlån	0	0
545-549	Andre lån	0	0
F	Kortsiktig gjeld	615 759	589 523
531	Kassakreditlån	0	0
532-539	Anna kortsiktig gjeld	615 759	589 523
G	Sum gjeld og eigenkapital	11 521 091	11 838 912

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

FOND OG OG BRUK AV AVSETJINGAR

Avsetjingar og bruk av avsetjingar

	31.12.2023	Årsoppgjør 23	Endring 24	31.12.2024
Fond gravfestemidlar	121 171			121 171
Orgel	3 000			3 000
Kyrkjelydsprest	571 860		-35 309	536 551
K. K. Rydlands legat	87 355			87 355
<u>Gravlegater</u>	234 479		-16 991	217 489
Sum bundne fond	1 017 865	0	-52 300	965 565
	31.12.2023	Årsoppgjør 23	Endring 24	31.12.2024
Udekka investering	24 211			9 674
				33 885

Løn og godtgjersle, leiar og styret

Leiande personar

Leiar sokneråd	Godtgjersle	7 500
Kyrkjeverge	Løn	312 960
	Godtgjerlse	0
	Sum	312 960

Anna vesentleg informasjon

Rekneskapen er sett opp i tråd med Forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkje, sist endra 26. november 2021, med lovheimel i Lov om tros- og livssynssamfunn.

Gravfesteavgift vert fakturert for ti år om gangen, men alt vert teke som inntekt i faktureringsåret.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Temakveldar

v/ Benedicte Meyer

2024 var det planlagt og gjennomført 7 temakveldar. Målet som tidlegare, å skapa ein møteplass der dørstokken er låg takhøgda stor, og der så mange som mogleg kan kjenna seg heime i kyrkja.

Innhald og form varierer, til dømes gjennom både foredrag konsertar.

Grunnlaget er alltid det same som kyrkja byggjer på, samstundes som vi og gjerne kan setja fokus på meir allmenne emne.

Temakveldane er lagt til siste torsdagen i månadene august-november og januar-april.

Vi kan likevel tilpassa oss om det er heilt naudsynt, men tanken er at både folk i vår eigen kyrkjelyd og andre skal kunna rekna med denne dagen som eit fast og stabilt innslag i kyrkja vår.



I
er
og

og

PROGRAMMET 2024

Januar: Terje Vigen, opplesing ved Per Drønen

Februar: God nok – om sjølvbilete og psykisk helse, Jofrid Bjørkvik

Mars: Syng evangeliet. Den musikalske arven etter Rasmus Rydland og Fitjarkvartetten

April: Lina Sandell i ord og tonar (med Osternes mannskor)

August – Dette året droppa vi temakvelden i august for å unngå kollisjon med Håkonarspelet

September: Humor i kyrkja, ein kveld med Svein Arne Theodorsen

Oktober: Forbruk og takksemd? Ved Gunnar Kartvedt

November: Konsert med koret Stemmer frå Bergen, dirigent Tore Kloster

Vi er 4 personar i temakveldgruppa: Eli N. Simonsen, Anne Britt Tornes, Kari Bjørndal og Benedicte Meyer.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Me har planleggingsmøte 2-3 gonger i semesteret, og utover det nytta vi epost og telefon. Etter kvart har vi erfart at det er naudsynt å ha programmet og avtalar klart i god tid, og vi ligg stort sett 1/2-1 år i forkant.

Artistar og personar vi ønskjer å få til Fitjar er ofte travle, og det er eit puslespel å få ting på plass.

PLANAR FRAMOVER

Vi ønskjer framleis variasjon mellom lokale krefter og gjester utanfrå, mellom verbale og musikalske kveldar, og vi er stadig på leit etter peronar og grupper som kan gje oss gode opplevingar på fleire plan. Programmet for resten av 2025 er klart, og vi håpar og trur at mange vil finna noko å glede seg til.



Temakveldgruppa. Foto: Torbjørn Hovland

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Diakoninemda

v/ Olav Johannes Oma

SAMANSETJING AV UTVALET

Annbjørg Stjern Tvedt, leiar

Grete Sætre

Inger Marie Gilje

Hilda Gloppe

Halvard Wiik

Olav Johannes Oma, skrivar

AKTIVITETEN TIL DIAKONINEMNDA

- Organisere besøksteneste for dei som ynskjer det.
- Skipa til ein årleg dagstur.
- Blomehelsing til enke/enkemenn (næraste pårørande) etter dødsfall sist år. Presten/diakoninemda var på nokre slike besøk i 2024.
- Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.
- Skipa til inspirasjonsfest med fagleg og åndeleg påfyll og blomepåskjøning til alle aktive besøksvenner.
- Delta i minnesamling laurdagskvelden før Helgemessesøndag og vera med i gudstenesta dagen etter.
- Arrangere «Open kyrkje». Her vart det gjennomført 9 samlingar.
- Arrangere «Kaffitreff» på kyrkjegarden..

OMFANGSET AV ARBEIDET

Diakoninemda hadde 5 møte i 2023.

Mellom 30 og 40 personar fekk besøk og blomehelsing i samband med fødselsdagar i 2024.

Inkludert nemndmedlemene er det 13 frivillige besøksvener som er engasjerte i arbeidet.

Nemnda har og vore med på fasteaksjonen, med på å laga roder, dela ut bøsser og tella pengar.

VIKTIGE HENDINGAR

Nemnda fekk tildelt 25.000,- til diakonitur av Fitjar kraftlag.

Full buss på diakonitur til Utstein Kloster.

PLANAR FRAMOVER

Diakoninemda ynskjer halde fram med arbeidet som no.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Kyrkjebladet

Fitjar kyrkjeblad har kome ut med fem utgåver dette året.

Skriving og innsamling av stoff til bladet vert gjort på dugnad. Trykking vert utført Kai Hansen Trykkeri, og distribusjonen av SUDI.

Redaksjonen i kyrkjebladet var ved utgangen av 2024:

- Olav J. Oma, redaktør
- Rolf Atle Rolfsnes
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Herman Inge Aadland
- Marie Willemse

Arbeidet med kyrkjebladet har gått etter planen. Innholdet består av god informasjon om arbeidet i kyrkjelyden, ulike reportasjar, intervju, stoff og artiklar frå lokalmiljøet. Me er takksame for gode, frivillige som gjer ein fin jobb i redaksjonskomiteen.

Kostnadane til trykking og distribusjon av bladet vert dekka av gåver (kr. 12 150 i 2024) og inntekter frå annonsesal (kr. 55 500 i 2024). Bladet vert lagt i postkassane til alle husstandane og bedriftene i Fitjar. Bladet vert også lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje. Me takkar annonsørane og alle som har gitt ei gave til bladet.



ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt

FITJAR, EI MISJONSBYGD

v/ Sigrun Vik Nilsen



Illustrasjon frå NMS si nettside

Fitjar sokn fornya avtalen med Det norsk misjonsselskap (NMS) i 2024. Kyrkjelyden er sterkt engasjert i prosjektet vi støttar i Mali, og det kjem alltid inn mykje pengar når offeret går til dette føremålet. I 2024 kom det inn kr. 76.692 til prosjektet.

Det var 6 ofringar til Mali i 2024. Det er fast ofring på høgtidsdagane; påskedag, pinsedag og juledag. I tillegg er det ei ofring på våren og ei på hausten.

4. februar	Kristi forklæringsdag	7.245
31. mars	Påskedag	18.050
19. mai	Pinsedag	12.970
11. august	12. søndag i treeiningstida	12.062
6. oktober	20. søndag i treeiningstida	10.965
25. desember	Juledag	15.400
SUM		76.692

Misjonsprosjektet blir presentert med innlegg i kyrkjebladet, og som del av kunngjeringane når det er ofring til prosjektet i kyrkja. Misjonsprosjektet er også godt dokumentert på Fitjar kyrkje si heimeside.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

NMS har 3 satsingsområde:

- Kjempe mot urettferd
- Dele trua på Jesus
- Utrydde fattigdom

Dette blir konkretisert i Mali på fleire område:

- Kyrkjelydsbygging blant fulaniar
- Bibelomsetjing til fulani
- Kamp mot kjønnslemlesting og barneekteskap
- Alternativ inntekt i konfliktområde, som f.eks. spare- og lånegrupper.

NMS er partnar i Den evangelisk-lutherske misjon i Mali (MELM) saman med kyrkjer i Nigeria og Kamerun, og Den Evangelisk Lutherske Frikirke. Arbeidsfellesskapet i Mali består av misjonærar frå Noreg og fleire afrikanske land, saman med gode nasjonale medarbeidrarar. Trass i stor politisk uro og vanskeleg tryggleikssituasjon i landet er det ein fin optimisme i det kristne arbeidet.

Samansetjing av misjonsnemnda 2024:

Herman Inge Aadland

Eldbjørg Vikane

Sigrun Vik Nilsen

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2024

SIDE FOR EIGNE NOTATER:

Fitjar sokneråd vil retta ei stor takk
til alle frivillige og tilsette
som i 2024 har lagt ned eit stort arbeid
for å nå målet i kyrkjelyden sin visjon:

«Nær menneske, nær Kristus»